



Island og Færøyane og Grønland

Taler

Lars Eskeland

Dato

16 juni 1923

Sted

Landsmøte i Norsk Bondelag,
Stavanger

- 1 I all vár framvokster má me fylgja dei lover som Várherre hev bunde livet vårt til. Vitet má klárast og viljen helgast til det. Pá den máten ráder me lagnaden vár. For lagnaden er ikkje ei fælsleg kjempa som trælkar oss, men ei styremakt som me sjølve èl inni oss. Det er det som lyder til oss i ordi: "Det du sár, skal du
- 5 hausta." Og at dette er ei urikkeleg lov, veit ingen betre enn bøndene. Ei onnor livslov er og klár for alle som ser seg um: "Æra far din og mor di, so det kann gå deg vel og du skal leva lenge i landet som Herren gav deg." Når ein ser pá busetnaden i landet og fylgjer ættene, so er det ikkje vandt á skyna kor stor ei sanning dette bodet ber fram. Um me hadde tusen ættesogor vel fortalde, so
- 10 vilde me ha tusen gode dømme pá det.

- Når me vil styrkja folket vårt og tryggja framtidi, so skal me hugsa det som Herren sa til Moses: "Gjer folket etter lovi eg gav det, so skal det vera velsigna ute og inne og alle stader; men vanvyrder det lovi, so skal det missa landet og
- 15 vanfarast."

- Det er ein tale til oss og. Soga vár syner kor sann han er. Me var ikkje hæve til á æra far og mor, me nordmenn. Grannefolki våre var betre. I Sverige ser ein snart kor langt dei stár yver oss i so máte. Alle gode minne virdslar dei mykje
- 20 betre enn me. Ja dei vernar betre um våre minne dess heller. Det er utruleg, men det er sant. I Nordiska Museet finn me meir enn nok av vitnemál um det. Og i kyrkjone sine hev dei langt fleire minne um Heilag-Olav enn me. Lat oss dá ikkje undra oss yver at svenskane er eit heilvakse folk og me so syrgjeleg sundrivne.

- 25 Kann det ikkje verta onnorleis med oss? Jau, her stár me framfor ei livslov att: eit menneske og eit folk kann reisa seg. Dá má det koma til seg sjølv og taka til vitet, liksom den forkomne sonen, og det má gjeva seg paa heimveg liksom han. Fåren ynskjer det. Hjá han

"sankes skjebnens traade

lik væverstolens garn

35 med islæt av Guds naade

selv mot hans mindste barn."

40 Han hev sjølv lagt heimkjærleiken i barmen vår og helga han, so all god menneskeleg vokster er ein heimgang. Ingen kann segja anna enn at me nordmennar hev vakse soleis, serleg i dei siste hundrad år. Men me má ynskja at det vert endá betre heretter, for me var so langt av, so nedfyrre komne.

45 I vanskelege tider er det meir um á gjera enn elles at ættarsamanhengen vert hæv og heilag for oss. Selma Lagerløf syner oss Ingmar Ingmarsson i ei serleg tung stund. Dá lyfter han seg i hugen til sæle far sin, og finn báde han og alle fedrane sine. Det vart eit velsigna møte. Gjev me måtte møta fedrane våre pá alle vegskil, og ikkje minst kvar gong det spørst um korleis me skal byggja landet vårt. Aldri fær me dá anna vita enn at det skal byggjast pá bondevis. Men det dreg mykje
50 etter seg for heile samheldet og for heile livet i samheldet frá rot til topp, i synsheimen og ándsheimen. For bøndene sit med heile arven vår ifrá fyrr, alt me skal byggja pá, og all vokstergrunn: áker og mark og skog, frá fjell til fjøra, og heile grunnlaget til eit ándsliv som kann vara og veksa fordi det hev alle sine oppkomor i folkehugen. Dei tonedikt som Ole Bull tryllte verdi med, var likso
55 visst runne frá norsk bondegrunn som den lyngdusken han heldt i handi dá han døydde.

So lenge bøndene høyrer fedrane tala til seg og kjenner fullt andsvar for dette landet, so lenge skal det gå vel. Når det røynde pá, svikta dei aldri fyrr. Mangt eit
60 lysande bondenamn i gamal og ny tid ifrá desse kantar av landet minner oss um det.

Ifrá dei norske bondebygdene langsmed havsida av landet var dei nordmennar som vann nytt land og vida Noreg ut og gjorde det so stort i gamle dagar. Det vil
65 aldri verta gløymt meir. Og me måtte vera dei siste som kunde gløyma det. Noko av det beste som hev hendt oss no, er at me hev teke til á hugsa det for fullt álvor.

70 Noreg, kva skodar du etter

vestyver det store hav?

Høyrer du noko til borni

75

som dreiv ifrá mor si av?

Det er fortalt um Olav Tryggvason at han var konge i fem ár og kristna fem land: det var Orknøyane og Færøyane, og Island og Grønland, umfram Noreg.

80

Og um Olav Haraldsson høyrer me at han ofte spurde etter kor til stod med kristendom og all god sed der ute i Vesterhavsøyane; det var like mykje um á gjera for han at alt gjekk vel der som i heimlandet. Det var nordmenn der som her, og dei tala med norsk tunga. Me burde alle skifta lagnaden med einannan, meinte desse to kongane. Og eg trur me lyt sanna at det var ein kongstanke.

85

Dá Noreg kom ut or daneveldet i 1814, var alle desse bygdene våre frá oss komne. Og det var pá ein sovoren máte, at minnet um det vil vera som eit ope sár, so langt fram som me kann tenkja oss, og endá lenger. Færøyane og Island og Grønland høyrde til Noreg dá og, men i skilsmálsstundi rana danskane deim ifrá oss. Dei andre bygdene våre der vest hadde dei selt og pantsett og skusla burt fyrr. Men i heile det gamle Noregsveldet er det synleg den dag i dag at det er våre ættmenn og skyldfolk som byggjer der. Då eg var i Oxford for nokre ár sidan pá eit møte, kom det ein mann til meg ein dag og spurde kor eg var ifrá; det var noko so kjent ved meg, sa han. Då han hadde høyrte svaret vart han reint

95

forundra. Sjølv var han engelskmann, men prest pá Orknøyane, og dá han såg meg, kunde han aldri anna tru enn at eg måtte vera derifrá, sa han. "For det er mange der som er reint merkeleg like Dykk", sa han. Og det var ein irsk professor som sa at han syrgde yver at det gamle Noregsveldet ikkje kom til á hanga i hop. Det var mange i Irland som kjende seg meir i ætt med

100

nordmennene enn med engelsmennene, sa han. Jamvel i det engelske parlament hev det vore sagt for fullt álvor at Noreg med retto burde eiga Orknøyane og Hjaltland. Det tenkjer ingen nordmann pá, for di England hev havt dei i so lang tid og fest deim til seg med band som det vilde vera uråd á slita sunder. Serleg má ein dá nemna at det gamle norske målet er á kalla reint utsløkna og engelsk kome i staden. Berre for pá lag halvtanna hundrad ár sidan levde det norske målet der.

105

Det var dei engelske skulane som drap det. Men tusental av norske stadnamn

vitnar enno um den norske busetjingi.

110 Pá Grønland er òg det norske tungemålet slokna. Det er det einaste europeiske
målet som hev levt der. Og Noreg er det einaste rike som hev havt eigedomrett
til landet.

115 Pá Island og Færøyane lever den norske tunga like frisk i dag som for tusen ár
sidan. Noko hev málet brigda seg med tidi der og. Men formverket i islandsk er
gamalnorsk endá, og Færøymålet er meir likt eit nynorsk bygdemál. Ser me
nordmenn og færøyingar og islendingar saman, so går me vel at det er same
folket. Fyrste gongen eg såg ein eldre islending, kvakk det i meg, so lik var han
bestefar min, som var avliden. Niels Juel ifrá Halsnøy Kloster kvakk ikkje
120 mindre, etter som han sa, i Kjøbenhavn ein gong; han kom inn millom ein
storfjölde med islendingar, og totte det var berre folk heimantil han såg ikring
seg.

Ein dansk professor sa ein gong pá eit folkemøte pá Sjælland at færøyingane var
125 språkare enn nokor onnor ættgrein i det danske folket. Då eg etterpá sa at han
anten måtte lata færøyingane fá vera eit folk for seg sjølv eller kalla deim
nordmenn, vart han reint kvit av sinne, og spurde um det var meining i á kalla
tjuge tusen menneske for ein nasjon. Det var like mange i ei einaste gata i
Kjøbenhavn. Eg minte han um at det var tri gonger so mykje folk i London
130 som i heile Danmark, men danskane vilde visst vera ein nasjon like godt for det,
som rimeleg og rett var. Det er ikkje talet som gjer det. Islendingane er og eit
ørlite folk. Men det er visst ingen som vil segja anna enn dei er eit folk. For det
stár age av det store kulturarbeidet dei hev gjort frá dei eldste tider og til no.
Verdi hadde vore mykje fatigare, hadde ikkje dette litle folket vore. Og serleg
135 hadde me nordmenner vore fatigare. Me hadde vore so mykje fatigare, at det er
eit spursmál um me hadde kome oss uppatt etter nedgangstidi. Ein av dei aller
viktigaste grunnane til at me greidde byggja uppatt det norske riket i 1814, var at
minnet hadde vakna um det som Noreg var ein gong. Um ein av
bondetingmennene er det sagt at ingen kunde setja han fast i kongesogone; han
140 kunde deim mest utanát. Og han hadde stort fylgje, det veit me frá mange
kantar og skynar av mange ting. Han hadde nok styrkt seg av minnedrykken frá
gamle dagar den bonden som skyssa Georg Sverdrup òg, han som vilde gjeva alt
han átte for landet sitt, livet med, og som kunde trøysta den hæve landsmannen
sin med at Gud var attát.

Det var ein merkeleg prestemann her i Stavanger bispedøme som gav oss att gamletidi: Peder Klaussen til Undal. Han sette um Heimskringla av Snorre. Ei jamgod sogebok hev vel aldri vore skrivi pá jordi noko sinn. Det er den gamle
150 norske saga som er skrivi pá denne máten, og det er ein islending som hev gjort det. Ingen kann segja kor stor ei tenesta denne mannen hev gjort oss. Den norske kongen fellte honom, eller gjorde sitt till á fella honom. Men han lønte oss vel: han var med og reiste Noreg upp. So lenge det er nordmenn til, má ikkje dette verta gløymt. Me má hugsa at islendingane hev gjort oss so mykje godt at
155 me kann aldri fulltakka deim. Heile samhøvet vårt til Island bør vera merkt og styrt av denne sanningi heretter. Me bør vera dei fyrste av alle til á hjelpa deim so langt me kann, og me bør vera dei fyrste til á gjeva deim all rettkomi æra. Det hev til denne tid skorta både pá det eine og det andre. For ei tid sidan trong dei soleis eit pengelán pá nokre fá millionar, og dei vilde gjerne ha det hjá oss. Me
160 kunde godt hjelpt deim med dette den gongen. Kva gjorde me? Me sa nei, for me visste ikkje visst um Danmark vilde lika det. Svenskane var glade dei fekk gjera det. Dei skjegla ikkje til Danmark fyrst.

Islendingane ynskjer at me skal gjera konsulen vár i Reykjavik til sendiherra
165 (gesandt). Men riksstyret vårt hev ottast for at Danmark ikkje vilde lika det. Og so hev det vorte utsett i minsto. Ein måtte læ át slik stakkarsdom, dersom det ikkje var so grøteleg ille.

Endeleg fær me ein professor i islandsk. Me skulde havt han for lenge sidan.
170 Men me er dá komne pá løs. Vegen bør aldri gro til millom frendar, sa dei gamle. Næmare frendar hev me ikkje: det er dá mor og dotter. Korleis kann me vera einannan forutan, når me veit det? Og korleis kann ei fribori mor lata seg hindra frá á vitja dotter si med sømd, av otte for at einkvan annan ikkje skal lika det? Og dette vert ikkje betre når ein hugsar pá kven denne andre er.

175 Eg nemnde at me má gjera vårt til at Island kann fá den æra det skal ha. Me veit sjølv av eigi røynsla kor vondt det gjer når nokon set oss i skuggen. Islendingane er ikkje vel nøgde med oss i dette stykket, og hev visst heller ikkje grunn til á vera det. Dei tykkjer me går deim for nær når me kallar heile det gamle bokriket deira
180 med vårt namn. Og eg trur me má sanna at dei hev rett. Visst er det so, at me i stor mun eig dette bokriket saman. Men islendingane er hovudmennene. Og dá er det gale á kalla alt gamalnorsk. Me má anten kalla det norsk-islandsk eller kann henda norrønt. I alle tilfelle má me bruka eit namn som gjer rett og skil til alle sidor. Me veit sjølve kor leidt det gjer når danskane freistar eigna til seg noko

som er vårt med á kalla det "nordisk", eller kor stor skade det gjer at me ikkje brukar rette namni pá dei tvo máli me hev her i landet. Namnefusk er ikkje betre enn anna fusk.

190 I desse dagar er det eit økonomisk spursmál som kann henda kjem til á venda heile den islandske bondehugen imot oss, dersom me ikkje syner deim den brorskap dei ventar av oss. Det gjeld den norske tollen pá islandsk sauekjöt. Bondebladet Timinn tek hardt pá oss for dette. Og me bør tvillaust taka denne tollen burt. Me bør gjera det for det samarbeidet si skuld som me no lengtar
195 etter og treng um pá bái sidor av havet. Truleg vil det vera til rein økonomisk vinning for oss òg til slutt. Me vil gjerne driva fiske ved Island med god og romleg rett. Det vert urád, dersom me ikkje gjev islendingane noko att. Best var det um me tok det pá gamal vis att, og lét islendingane (og færøyingane) ha større rett her i landet enn noko anna folk. Eg vonar dette má koma etter kvart
200 som me vinn oss fram pá alle leider. Denne tollminken dei bed oss um, vil auka handelssamkvemmet millom landi váre, og det er ein svært viktig ting.

So langt ráð er, bør me opna skulane váre for islandsk og færøysk ungdom, og me bør gjera oss kjende med bokheimen deira. Etter kvart me finn einannan att,
205 vil me kjenna det like mykje bái kor stor ein styrke det gjev at nærfrendar stár saman. Island og Færøyaner og Noreg er so uløyselig samanbundne, at dei kann ikkje skiljast át. Og di lettare livsstraumen går ifrá ein til hin, di betre er det.

Danskane ottast for at me vil freista á fá eit nytt politisk samband med desse
210 frendefolki váre. Det viser kor vondt samvit dei hev. For det er ikkje det me tenkjer pá. Men eitt etlar me oss til á arbeida for: at det politiske sambandet som Danmark enno hev med deim, má verta so uskadeleg som ráð er, og til slutt verta til inkjes. All den rett som frie folk hev og kann bruka til gagn for seg, bør desse frendane váre og fá. Island hev vunne langt fram. Men so hev dei og havt
215 ein Jon Sigurdsson, ein folkefórar som pá alle vis er jamgod med dei ypparste me kann nemna frá andre folk, endá til dei største. England vilde vore stolt av ein slik son. Me hev berre Johan Sverdrup á setja jamsides med han.

Island kann ikkje verta verande i so nært samband med Danmark som det no er.
220 Det kjem vonleg til full frigjering for landet um ikkje so lenge.

Men framfor alt treng Færøyaner til meir frigjering. Det er harde band som danskane hev bunde deim med, so harde, at ein vert yvergjeven når ein ser det.

225 Eg kjenner ein gjæv færøying som vart forfylgd og sett i fengsel til slutt pá ein sovoren máte, at både han og andre færøyingar berre ság ein grunn til det: han var for god fedralandsven.

Danskane veit kva máltvang er, og dei forsømde ikkje á fortelja um kor uvyrde
230 tyskarane bar seg át med máltrælkingi si i Sørejylland. Og dei hadde rett og skyldnad til det. Me hjelpte deim det me kunde, og kann vera glade for det. Men korleis ber dei seg át sjølve pá Færøyaner? Eg skal nemna eit døme. Ein gjæv ungdom frá Færøyaner fortalde meg for nokre ár sidan, at han hadde gjenge pá den høgref skulen i Torshavn, og der hadde dei berre ein time um vika til
235 opplæring i sitt eige mál. Og det var den siste timen um laurdagen. Og den timen var friviljug.

Og i kyrkjone hev færøymálet ingen rett; preika og salmesong og alt som høyrer gudstenesta til skal vera pá dansk. Kva segjer sør-jydane til det?

240

Det er visst at me kann hjelpa færøyingane både kulturelt og økonomisk, og me bør ikkje forsøma ein slik skyldnad. Dei ventar og vonar at me retter handi til deim.

245 Både islendingar og færøyingar segjer ofte at me gløymde deim i 1814. Og dei skynar ikkje at me kunde gløyma deim, segjer dei. Men som vel er, tek dei i mist. Ja me kunde nok ynskt at me hadde hugsa deim betre. Men me gløymde deim ikkje: det var verre enn vondt det som hende. Men me makta ikkje hindra det. Ingen nordmann var med dá det gamle sambandet millom Danmark og Noreg
250 vart slite, og sidan kunde me heller ikkje hindra den skammi og skaden det var at dei gamle norske vesterhavslendi vart skilde frá moderlandet sitt. Dersom de vil lesa danske sogebøker, so fær de sjá at dei dýl vel yver all den framferdi som Danmark sulka seg til med dá. Jamvel dei største sogeverk sveiper yver det. Og folket i Danmark er á kalla radt uvitande um det. Når eg hev fortalt um dette pá
255 folkehøgskulen, so hev danske elevar stødt sagt at dei aldri hev høyrte eit einaste ord um dette heime.

I Kiel var det ein svensk og ein dansk diplomat som fekk mest med skilsmáls-avtalane á gjera: Edmund Bourke og Gustaf av Wetterstedt. Báe var drivne
260 diplomatar. Men dansken var både klokare og gløggare enn svensken. Báe tvo var dei like samvitslause. Bourke var av irsk ætt og fødd pá St. Croix, ei av dei dansk-vestindiske øyane som dei hev selt. Men han kom tidleg inn i diplomatiet,

og steig fort. Ein kann skyna at det danske riksstyret hadde stor tillit til han, når
265 det kunde velja han til á gjera skilsmálsavtalen um Noreg, det verste Danmark
hadde havt á gjera pá aldri so lange tider. Han vann seg ros og æra: fyrst vart han
utsending i London og sidan i Paris, og han vart geheimekonferensrád og
lensgreve. Betre kunde det ikkje vera. Enno rosar danske sogeskrivarar han. Skal
ein ikkje setja noko anna krav til ein diplomat enn sløgskap, so er han verd ros
270 òg. Men me nordmenn minnest han berre for di han fór med svik, den
styggaste svikferd som den norderlandske saga kjenner.

Dá det var avgjort at heile Noreg skulde gå frá dansk til svensk velde, sa Bourke
at Island og Færøyane og Grønland alltid hadde høyrte Danmark til og vedkom
275 ikkje denne avtalen. Endá Wetterstedt var medlem av Svenska Akademien, var
han so ukunnig, at han tok dette for godt, og so lite gløgg at han ikkje ein gong
gádde lygni dá Bourke like vel totte det var best á nemna det i avtalen um Noreg.

280 Dei danske kongane hadde bunde seg med kongelovi og med ord og eid elles til
á lata Noregsveldet vera uskift. Og soleis var heile Danmark bunde til det. Men
det danske folk var ikkje med anna enn i riksstyret sitt, og det var einveldigt.
Folket kunde difor vaska denne syndi av seg no med ærleg og greid oppgjerd.
Me ventar paa denne oppgjjerdi. Og kjem ho ikkje, so tek det danske folket no
285 eidbrotet og sviket pá seg med fullt medvit og full vilje.

Ein dansk sogeskrivar bør nemnast for di han er ærleg; det er Fr. Schiern. Han
segjer at det var vankunna som gjorde at svenskane miste Island og Færøyane og
Grønland for Noreg, moderlandet. Han segjer og at dei høyrer til Danmark
290 "indtil videre".

No er spursmålet um eigedsretten til Grønland kome sterkt fram i ordskiftet
både i Danmark og Noreg. Då má me hugsa at me aldri hev godkjent traktaten i
Kiel. Med ein gong lyste me ut for all verdi at denne traktaten ikkje kunde binda
295 oss pá nokon máte. Der stár me, og der má me verta stáande.

Eit folk kann vel ikkje koma til á eiga eit land med sterkare rett enn den som me
hev pá Grønland: tri gonger hev me funne det, to gonger hev me kristna det. Me
hev alltid átt det, og alle hev visst og sagt at me átte det. Gong etter gong hev dei
300 dansk-norske kongane kunngjort at det var norsk land og ingen ting anna. Vil
no heile det danske folk gjera det same som Bourke i Kiel, so fær me segja som

det er til med all verdi, og krevja retten vár.

305 Kva stortinget og regjeringi vil gjera no, veit eg ikkje. Men det veit eg, at dei ikkje
hev rett til á gjeva det minste av Grønland frá seg fyrr det norske folk hev sagt si
meining og sin vilje.

Retten er ikkje stor i verdi no. Men burtkomen er han vel ikkje so reint. For
310 utan rett kann ætti ikkje leva. Og små folk hev ingen annan ting á trøysta seg til.

315

Kilde

Lars Eskeland: Island og Færøyane og Grønland. Risør 1923 (Særtrykk av Den frilyndte ungdommen, 1923)

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/island-og-faeroyane-og-gronland>

320

325

330

335

340